

Innhold

Forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet	3
Heimel:	3
Kapittel 1. Verkeområde og definisjonar	3
§ 1-1. Verkeområde	3
§ 1-2. Definisjonar	3
§ 2. Minstekrav for opptak	4
§ 2-1. Generelle føresegner	4
§ 2-2. Opptaksgrunnlag grunnutdanningar	4
§ 2-3. Opptaksgrunnlag mastergradsutdanning	5
§ 2-4. Opptaksgrunnlag vidareutdanning	5
§ 2-5. Opptaksgrunnlag praktisk-pedagogisk utdanning	5
§ 2-6. Opptaksgrunnlag enkeltemne	5
§ 2-7. Opptaksgrunnlag overflyttingsopptak	5
§ 2-8. Opptaksgrunnlag betalingsstudium/oppdragsstudium	5
§ 2-9. Opptaksgrunnlag andre studium	5
Kapittel 3. Realkompetanse	6
§ 3-1. Realkompetanse	6
Kapittel 4. Kvoter og opptaksrammer	6
§ 4-1. Kvoter og opptaksrammer	6
Kapittel 5. Rangering	6
§ 5-1. Poengberekning og rangering av søkjarar til grunnutdanningar	6
§ 5-2. Generelle føresegn om rangering av søkjarar til studium i lokale opptak	6
§ 5-3. Poengberekning og rangering av søkjarar til mastergrad og vidareutdanningar på høgre grads nivå	7
§ 5-4. Rangering av søkjarar til andre studium	8
§ 5-5. Rangering av søkjarar som ikkje kan poengbereknast	8
Kapittel 6. Særskilt vurdering	8
§ 6. Særskilt vurdering	8
Kapittel 7. Betinga opptak og tilbod	8
§ 7-1. Betinga opptak	8
§ 7-2. Betinga tilbod	9
§ 7-3. Generelle føresegner	9
Kapittel 8. Felles føresegner om administrative forhold	9
§ 8-1. Reservert studieplass	9
§ 8-2. Førehandsløfte	9
§ 8-3. Fristar	9

§ 8-4. Verifisering av dokumentasjon	9
§ 8-5. Trekk av studium	10
§ 8-6. Klage	10
Kapittel 9. Utfyllende reglar	10
§ 9-1. Utfyllende reglar.....	10
§ 9-2. Overgangsføresegn	10
§ 9-3. Ikraftsetjing	10

Forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet

Heimel:

Fastsatt av styret for Høgskulen på Vestlandet 22. desember 2016 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler § 3-6 og § 3-7, forskrift 1. desember 2005 nr. 1392 om krav til mastergrad § 2 og forskrift 31. januar 2007 nr. 173 om opptak til høyere utdanning § 1-1 fjerde ledd.

Kapittel 1. Verkeområde og definisjonar

§ 1-1. Verkeområde

- (1) Forskrifta gjeld opptak til alle utdanningar ved Høgskulen på Vestlandet til og med masternivå. Opptak til doktorgradsprogram er regulert i forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet.
- (2) Det kan gjelde eigne reglar for fellesgrader som vert tilbode i samarbeid med eitt eller fleire lærestader.
- (3) Lov 1. april 2005 nr. 15 om universitet og høgskular (universitets- og høyskoleloven), forskrift 31. januar 2007 nr. 173 om opptak til høyere utdanning (opptaksforskriften), forskrift 1. desember 2005 nr. 1392 om krav til mastergrad (mastergradsforskriften), Lov 10. februar 1967 om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven), og dessutan forskrifter om rammeplaner og andre nasjonale avgjersler er overordna denne forskrifta og gjeld føre forskrifta ved eventuell motstrid.

§1-2. Definisjonar

- (1) Opptak inneber at ein person har søkt, fått vurdert kompetansen sin og er gjeven studierett til eit studieprogram, studium eller emne.
- (2) Lokalt opptak viser til opptak som ikkje høyrer til det nasjonale samordna opptaket.
- (3) Opptakskrav er dei krav som vert stilt til ein søkjar for å vurderast som kvalifisert for opptak. Opptakskrav skal gå fram av studieplanar eller emneskildring for alle studium og emne som har eige opptak.
- (4) Med grunnutdanning vert meint eit studieprogram der opptak normalt ikkje føreset anna grunnlag enn fullført utdanning frå vidaregåande skule eller godkjent realkompetanse.
- (5) Med mastergradutdanning vert forstått utdanning som bygger på utdanning på bachelorgradsnivå og som leiar fram til ein mastergrad.
- (6) Med vidareutdanning vert meint studiepoenggjevande ny formell kompetanse på universitets- og høgskulenivå som til vanleg bygger på fullført grunnutdanning.
- (7) Med praktisk-pedagogisk utdanning vert meint pedagogisk tilleggskompetanse til høgare utdanning eller yrkesfagleg utdanning.
- (8) Med enkeltemne vert forstått emne som inngår i studieprogram som er opne for søkjarar som ikkje har studierett på studieprogrammet som emnet høyrer til, eller frie emne som vert tilbydd som frittstående studium.

- (9) Med overflyttingsopptak vert meint direkte opptak til 2. år eller seinare i eit utdanningsløp, der søkjar får innpassa allereie beståtte fag i graden dei får opptak til.
- (10) Oppdragsfinansierte studium: Med oppdragsfinansierte studium i denne forskrift vert meint studium som blir gjennomført mot vederlag, betalt av ein eller fleire oppdragsgjevarar, og der studiet ikkje er retta mot enkeltstudentar, men mot oppdragsgjevar si målgruppe.
- (11) Betalingsstudium: Med betalingsstudium vert meint kurs og studieprogrammer der Høgskulen krev eigenbetaling frå studentar, jf. forskrift 15. desember 2005, nr. 1506 om egenbetaling ved universiteter og høyskoler § 3-2.

§ 2. Minstekrav for opptak

§ 2-1. Generelle føresegner

- (1) Minstekrav for opptak til utdanning som gjev studiepoeng ved Høgskulen på Vestlandet er generell studiekompetanse eller tilsvarende realkompetanse slik dei er fastsett i forskrift om opptak til høgere utdanning.
- (2) Søkjarar som har utanlandsk utdanning frå land utanfor Norden, må dokumentera at dei oppfyller krav til norsk- og engelskkunnskapar slik dei er fastsett i forskrift om opptak til høgere utdanning for å kvalifisera for opptak til studium som gjev studiepoeng.
- (3) Krav om norskkunnskapar gjeld ikkje dersom både obligatoriske delar av studiet og den aktuelle spesialiseringa vert undervist på engelsk.
- (4) Søkjarar til engelskspråklege vidareutdanningar eller masterprogram må dokumentere engelskkunnskap på høgare nivå med eitt av følgjande alternativ:
- a) Engelsk frå Vg1 i norsk vidaregåande skule (140 årstimer) med karakteren 4 eller betre.
 - b) International English Language Testing Service (IELTS) med minst 6.0 poeng.
 - c) Test of English as a Foreign Language (TOEFL) med minst 550 poeng for Paper-based test (PBT), minst 213 poeng for Computer-based test (CBT), eller minst 80 poeng for Internet-based test (IBT).
 - d) Anna dokumentasjon kan godkjennast etter individuell vurdering.
 - e) Unntak frå kravet for enkeltstudium kan fastsettast av styret i studieplan.
- (5) Styret kan fastsetje spesielle opptakskrav til studium som ikkje vert omfatta av forskrift om opptak til høgere utdanning i studieplan, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-6 (7) og § 3-7.

§ 2-2. Opptaksgrunnlag grunnutdanningar

Opptakskrav til årsstudium, bachelor og integrert masterutdanning er generell studiekompetanse eller realkompetanse, eventuelt i kombinasjon med spesifikke fag- og/eller karakterkrav, slik dei er fastsett i forskrift om opptak til høgere utdanning.

§ 2-3. Opptaksgrunnlag mastergradsutdanning

For opptak til mastergrad gjeld forskrift om krav til mastergrad § 3, § 4 og § 5 og eventuelle rammeplanar.

Nærare krav til fagleg grunnlag og faglege minstekrav for den enkelte utdanninga vert fastsett av styret i studieplan, jf. § 2 i mastergradsforskriften.

§ 2-4. Opptaksgrunnlag vidareutdanning

For opptak til vidareutdanningar utan rammeplan, gjeld dei opptakskrava som er fastsatt i studieplanen.

For opptak til vidareutdanningar med rammeplan, gjeld dei opptakskrava som er fastsatt i rammeplanen og eventuelle tilleggskrav fastsatt av styret i studieplan.

§ 2-5. Opptaksgrunnlag praktisk-pedagogisk utdanning

For opptak til praktisk-pedagogisk utdanning gjeld minstekrav som er fastsatt i rammeplanen og opptakskrav slik dei går fram av studieplanen.

§ 2-6. Opptaksgrunnlag enkeltemne

For opptak til enkeltemne må søkjaren dekke opptakskrava til den utdanninga emna det søkjast opptak til inngår i. Eventuelle krav om fagleg forkunnskap for emnet må òg dekkast, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet § 4-5.

§ 2-7. Opptaksgrunnlag overflyttingsopptak

Minstekrav for å reknast som kvalifisert for direkte opptak til 2. år eller seinare i eit utdanningsløp er at opptakskravet til utdanninga er dekt, og dessutan at søkaren har tilsvarende fagleg progresjon som det kullet det søkjast om opptak til.

§ 2-8. Opptaksgrunnlag betalingsstudium/oppdragsstudium

Alle oppdragsstudium og betalingsstudium som gir utteljing i studiepoeng høyrer til ein av kategoriane i § 2-2. – § 2-8 i denne forskrifta og har tilsvarende opptakskrav og rangeringsreglar.

§ 2-9. Opptaksgrunnlag andre studium

(1) For opptak til forkurs og realfagskurs gjeld nasjonal plan for eittårig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag og tilhøyrande halvårig realfagskurs, fastsatt av Universitets- og høgskolerådet i Nasjonale retningslinjer for ingeniørutdanning.

(2) For studium som ikkje har nasjonale rammeplaner eller føringar så gjeld opptakskrav og fagleg grunnlag slik dei går fram av studieplan og i retningslinjer om opptak og rangering, fastsatt av styret ved Høgskulen på Vestlandet.

Kapittel 3. Realkompetanse

§ 3-1. Realkompetanse

- (1) Høgskulen kan gi søkjarar som er 25 år eller eldre i opptaksåret, og som manglar generell studiekompetanse, opptak på grunnlag av realkompetanse, jf. universitets og høgskulelova § 3-6 (2) og forskrift om opptak til høgere utdanning § 3-1.
- (2) For å få tilbod om studieplass må søkjar dokumentere likeverdige ferdigheiter og kunnskapar som søkjarar som får tilbod om plass etter ordinære rangeringsregler, jf. kapittel 5 i denne forskrifta.
- (3) Nærmare regler om opptak på grunnlag av realkompetanse er nedfelt i retningslinjer for opptak og rangering.

Kapittel 4. Kvoter og opptaksrammer

§ 4-1. Kvoter og opptaksrammer

- (1) Styret sjølv fastset årlig tal studieplassar for det enkelte studieprogram, jf. § 3-7 (5) i lov om universiteter og høyskoler.
- (2) Styret eller det organ styret nemner opp, føretar opptak av studentar.
- (3) Opptak til studia skjer på grunnlag av rangering innanfor kvoter. Kvote er eit bestemt tal eller ein bestemt del av studieplassane som blir fordelt blant søkjarar som tilfredsstillar nærmare bestemte krav.
- (4) Styret kan i studieplan fastsette kvoter for søkjarar med ulike søkjargrunnlag.

Kapittel 5. Rangering

§ 5-1. Poengberekning og rangering av søkjarar til grunnutdanningar

- (1) Ved opptak til grunnutdanningar blir søkjarar poengberekna og rangert etter føresegn gitt i kapittel 7 i forskrift om opptak til høgere utdanning.
- (2) Realkompetansesøkjarar rangerast i forhold til andre søkjarar på grunnlag av ei heilskapleg skjønsmessig vurdering. Omfang og relevans av praksis, utdanning og motivasjon blir tillagt vekt.

§ 5-2. Generelle føresegn om rangering av søkjarar til studium i lokale opptak

- (1) Styret fastset rangeringsreglane for det einskilde studium innanfor ramma av gyldige poenggrunnlag i eigne retningslinjer om opptak og rangering.

(2) Grunnlaget for rangering er den dokumentasjonen som kvalifiserer søkeren for et studium, jf. Kapittel 2 i denne forskrifta. Søklarane rangerast innbyrdes i kvoter på grunnlag av konkurransepoeng.

(3) Ved lik poengsum gjeld følgjande:

a) Ved elles lik poengsum i ei kvote rangerast eldre søklarar framfor yngre.

b) Styret kan fastsette i studieplan at det underrepresenterte kjønn i ei kvote skal prioriterast først.

(4) Dersom ein søklar har fleire opptaksgrunnlag, blir det grunnlaget som gir gunstigast resultat for søkeren vald.

(5) Dersom det har vist seg umogleg å fylle studieplassane på eit studium så kan ledige studieplassar bli tilbydd kvalifiserte søklarar, utan omsyn til rangeringa elles. Søknader mottatt etter frist rangerast etter søknadsdato.

§ 5-3. Poengberekning og rangering av søklarar til mastergrad og vidareutdanningar på høgre grads nivå

(1) Søklarar til høgare grads studium blir rangert innbyrdes på grunnlag av konkurransepoeng. I ein søkjar konkurransepoeng kan summen av følgjande poeng inngå:

a) Karakterpoeng:

i. Det regnast ut eit vekta karaktergjennomsnitt i opptaksgrunnlaget.

ii. Styret kan fastsette i studieplan at berre deler av opptaksgrunnlaget skal inngå i karakterpoengsummen.

b) Utdanningspoeng:

Det kan gis utdanningspoeng for bestått høgare utdanning utover minstekravet for opptak.

c) Praksispoeng:

i. Det kan bli gitt poeng for relevant arbeidserfaring.

ii. Praksis erverva før kvalifiserande utdanning er fullført, og praksis som inngår i kvalifiseringsgrunnlaget, medreknast ikkje i grunnlaget for praksispoeng.

d) Andre tilleggspoeng: Med utgangspunkt i særlige omsyn knytt til enkelte studium, kan styret fastsette andre poengtypar i studieplan.

(2) For søklarar med bokstavkarakterar blir det nytta følgjande omrekningskala som grunnlag for utrekning av gjennomsnittskarakter: A=5, B=4, C=3, D=2, E=1. Nærare føresegn om omrekning av karakterar frå andre karakterskalaer er gitt i retningslinjer om opptak og rangering.

(3) I særskilte tilfelle kan anna utdanning enn det som inngår i det formelle opptaksgrunnlaget bli teken med i rangeringa. Søknaden rangerast då etter § 5-5 i denne forskrifta.

§ 5-4. Rangering av søkjarar til andre studium

(1) Ved opptak til studium som har generell studiekompetanse som opptakskrav blir søkjarane rangert etter føresegnene gitt i forskrift om opptak til høgere utdanning. Utfyllande føresegn blir fastsett av styret i retningslinjer om opptak og rangering.

(2) Reglar for rangering av søkjarar til y-veg, overflyttingsopptak, enkeltemneopptak, forkurs og dykkarutdanning blir fastsett av styret i retningslinjer om opptak og rangering.

(3) For oppdragsstudium gjeld ikkje denne forskrift sine §§ 5-1 til 5-3. Oppdragsgjevarar rangerer sjølv sine søkjarar etter at høgskulen har godkjent opptaksgrunnlaget deira.

§ 5-5. Rangering av søkjarar som ikkje kan poengbereknast

(1) Kvalifiserte søkjarar som ikkje kan poengbereknast etter denne forskrift sine §§ 5-1 til 5-4 rangerast etter ei heilskapleg og skjønnsmessig vurdering av søkjarens opptaksgrunnlag.

(2) For å få tilbod om opptak blir det kravd likeverdige ferdigheiter og kunnskap med søkjarar som får tilbod om opptak etter rangering på grunnlag av poengberkning.

Kapittel 6. Særskilt vurdering

§ 6. Særskilt vurdering

(1) Det kan gjerast unntak frå deler av rangeringsføresegnene i § 5, dersom grunnar for særskilt vurdering føreligg. Grunnlag for opptak etter særskilt vurdering kan vere at anna morsmål enn norsk, sjukdom, funksjonshemming eller andre spesielle forhold gir grunn til å anta at søkjaren sin karakterpoengsum ikkje gir eit riktig bilete av søkjaren sine kvalifikasjonar.

(2) Søkjarar som ønskjer å bli vurdert etter denne føresegna, må be om dette i søknaden og legge ved eigen grunngjeving og dokumentasjon av dei forhold som er nemnt.

(3) Forhold som nemnt over gir ikkje i seg sjølv rett til studieplass. For å få tilbod om opptak er det krav om likeverdige ferdigheiter og kunnskap med søkjarar som får tilbod om opptak etter § 5.

(4) Søkjarar som ikkje får tilbod om opptak etter desse reglane, skal rangerast etter føresegnene i § 5.

Kapittel 7. Betinga opptak og tilbod

§ 7-1. Betinga opptak

(1) Med betinga opptak meiner ein opptak av søkjarar til studium som ved studiestart ikkje tilfredsstillar opptaksgrunnlaget, jf. § 2.

(2) Under særskilte forhold kan søkjarar bli gjeven betinga opptak til studium dersom dei manglar maksimalt 15 studiepoeng av opptaksgrunnlaget ved studiestart. Eventuelle krav til

fordjuping må vere dekkja. Eventuelle forkunnskapskrav til emne må vere bestått før søkjarar med betinga opptak kan få tilgang til emnet.

(3) Med særskilte forhold er det her meint sjukdom, ulykker eller dødsfall i nær familie. Dersom det føreligg andre særskilte forhold, kan opptaksorganet gi opptak på visse vilkår. Særskilte forhold må dokumenterast ved attest frå lege, anna helsepersonell, politi eller tilsvarande.

§ 7-2. Betinga tilbod

Høgskulen kan i særskilte tilfelle gi betinga tilbod om studieplass til søkjarar som ikkje tilfredsstillar heile opptakskravet på det tidspunktet dei får tilbod om studieplass, men som har dokumentert at dei vil dekke kravet før studiestart.

§ 7-3. Generelle føresegner

(1) Søkjarar som har fått betinga opptak eller tilbod og som ikkje innfrir vilkåra for opptak innan gitt frist, mistar tilbodet om studieplass.

(2) Det kan ikkje bli gjeven betinga opptak eller tilbod til søkjarar som ikkje kan dokumentere tilstrekkelege kunnskap i norsk og engelsk, jf. § 2-1.

Kapittel 8. Felles føresegner om administrative forhold

§ 8-1. Reservert studieplass

Tildelt studieplass kan reserverast til neste gang det er opptak til studiet dersom det føreligg dokumenterte tungtvegande grunnar. Det vert normalt ikkje innvilga reservert plass for meir enn ett år.

Søknad om reservering av studieplass må leggjast fram innan tre veker etter at ein har motteke tilbod om studieplass.

§ 8-2. Førehandsløfte

Førehandsløfte kan bli gjeven til kvalifiserte søkjarar som med god margin ville ha kome inn ved siste opptak.

§ 8-3. Fristar

(1) Søknadsfristar for opptak til Høgskulen sine studium blir kunngjort samstundes med utlysning av studieprogrammet.

(2) All dokumentasjon som skal ligge til grunn for opptak må følgje søknaden. Vitnemål/karakterutskrifter for utdanning og praksis som blir avslutta i inneverande semester må ettersendast innan fristen gitt av Høgskulen.

§ 8-4. Verifisering av dokumentasjon

Høgskulen kan krevje at søkjarane legg fram original av dokument som skal ligge til grunn for opptak for å vurdere at desse er ekte, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-7 (6).

§ 8-5. Trekk av studium

Styret kan gjere vedtak om avlysing av opptak til eit studieprogram/studium dersom søkjartalet er for dårleg. Avlysing skal skje i god tid før oppstart.

Eit studium kan trekkast sjølv om det er kvalifiserte søkjarar, dersom det ikkje er tilstrekkeleg tal på søkjarar eller faglege eller økonomiske ressursar til å gje eit fullverdig tilbod.

§ 8-6. Klage

(1) Enkeltvedtak fatta med heimel i denne forskrifta kan klagast på, jf. forvaltningsloven § 28-32. Klagefristen er 3 veker frå den dagen resultat av opptak er offentleggjort, eventuelt 3 veker frå mottatt grunngjeving.

(2) Klage på enkeltvedtak i samband med opptak organisert gjennom Samordna opptak blir handsama av Nasjonal klagenemnd, jf. universitets- og høyskoleloven § 5-1 (7) og forskrift om opptak til høgere utdanning § 8-1.

(3) Klager som gjeld opptak etter universitets- og høyskoleloven § 3-6 (2) og (3) blir handsama av Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet, jf. forskrift om opptak til høgere utdanning § 8-1 (2).

(4) Klage på enkeltvedtak i samband med opptak til studium som ikkje inngår i samordna opptak blir handsama av klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet jf. lov om universiteter og høyskoler, § 5-1.

Kapittel 9. Utfyllande reglar

§ 9-1. Utfyllande reglar

Styret kan gi utfyllande reglar og retningslinjer innanfor ramma av denne forskrifta.

§ 9-2. Overgangsføresegn

Forskrifta kan fråvikast i særskilte tilfelle ut året 2017 dersom endringar frå oppheva til ny forskrift er til ugunst for ein søkjar.

§ 9-3. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2017.